



## **Handlingsplan for eit trygt, godt og inkluderande skolemiljø for elevar ved Engelsvoll skule**



## **Intensjonen med planen; rett til eit trygt, godt og inkluderande skolemiljø**

For å ivareta elevane sin rett til eit trygt, godt og inkluderande skolemiljø, har Engelsvoll skule utarbeida denne handlingsplanen. Planen blir revidert årleg av rektor. Skolen arbeider aktivt og systematisk for å fremje eit godt og inkluderande skolemiljø for den enkelte og alle. Målet er at skolen skal vere fri for alle former for krenkjande åtferd, og at skolemiljøet skal verka positivt for elevane si helse, trivsel og læring.

Det er elevane si oppleving av korleis dei har det på skolen som er avgjerande. Føresette kan ta kontakt med kontaktlærar, avdelingsleiar eller rektor om ein er uroa for skolekvardagen for barnet. På heimesida til skolen finn ein eit grønt symbol der det står "meld frå om mobbing". Her kan elevar eller føresette melda frå om mobbing, det vil då gå ei melding direkte til rektor.

Handlingsplanen er utarbeida i henhold til lovverket, Opplæringslova kapittel 12 [Elevane sitt skolemiljø](#)

## **Systematisk og førebyggjande arbeid**

Å oppretthalde og vidareutvikle trygge, gode og inkluderande skolemiljø krev eit heilskapleg, langsiktig og systematisk arbeid. Arbeidet er tredelt:

1. Arbeidet med å fremje eit trygt, godt og inkluderande skolemiljø er ein del av skolen sin ordinære pedagogiske praksis, og det er ofte universelle førebyggjande tiltak som kjem alle elevar til gode.
2. Førebygging av mobbing og andre krenkjande handlingar handler om korleis skolen følger opp aktivitetsplikta:
  - a) Plikt om å følge med
  - b) Plikt om å gripa inn
  - c) Plikt til å varsla
  - d) Plikt om å undersøka
  - e) Plikt om å setje inn tiltak
3. På Engelsvoll skule skal ein arbeide etter denne planen, for å fremje eit trygt, godt og inkluderande skolemiljø, og samstundes forebygge og avdekke mobbing og andre krenkjande handlingar.

Engelsvoll skule skal arbeide systematisk med å forebygge krenkjande åtferd. Det oppstår færre enkeltsaker i eit godt læringsmiljø. Det vil og vere enklare å handtera krenkjingar viss dei oppstår i eit robust læringsmiljø.



## Skolen si aktivitetsplikt

Alle tilsette skal:

- Følge med på at elevane har det trygt og godt på skolen
- Gripe inn og stoppe uønskt åtferd med ein gong
- Varsla rektor
- Undersøke det som har skjedd
- Sette inn tiltak og følgje dei opp

Når tiltak blir evaluert skal ein vurdere om dei har fungert tilstrekkeleg. Tiltaka kan bli avslutta dersom eleven opplever å ha det trygt og godt. Om ikkje det er tilfelle, kan tiltaka halde fram, eller ein kan lage nye tiltak.

Dersom det er elevar som blir namngitt som krenkjer, følger ein same prosedyre.

## Følg med:

Alle som har sin arbeidsplass ved skolen har ei plikt til å følge med på kva som skjer i elevmiljøet og ei plikt til å gripe inn viss ein ser/oppdagar krenking som til dømes mobbing. Dette gjeld først og fremst alle med ein arbeidskontrakt med skole/skoleeigar - uavhengig om stillinga er fast, vikariat, ringevikar og uavhengig av stillingsstorleik. Dette gjeld også for andre tilsette i ekstern tenesteleverandør.

## Korleis kan ein oppdage at elevar ikkje har det trygt og godt?

Det kan vere vanskeleg å oppdage mobbing, til dømes utestenging, baksnakking og mobbing på nett. Gjennom skulen sine rutinar og forebyggjande arbeid, kan ein i større grad legge til rette for at mobbing blir avdekket.



- *Elevsamtalar.* Elevane ved Engelsvoll skule skal ha minst to elevsamtaler i året med læraren sin. I desse samtalanane skal ein spørre om elevane har det trygt og godt, om eleven har blitt mobba/plaga, om eleven har vore med på å mobbe/plage andre, eller om eleven kjenner til om andre elevar blir mobba/plaga.
- *Kartlegging av læringsmiljø og sosiogram.* Minst fire gangar i året - etter initiativ frå rektor, skal kontaktlærar, i samarbeid med sosiallærar, gjennomføre ei kartlegging av læringsmiljøet og relasjonar mellom elevane – og mellom elevane og dei vaksne på steget.
- *Utviklingssamtalar.* Elevar og føresette blir kalla inn til utviklingssamtale to gangar/skoleår. Utviklingssamtaler er i etterkant av elevsamtalen, og ein spør igjen etter om eleven har det trygt og godt, om eleven blir mobba/plaga, om eleven har vore med på å mobbe/plage andre eller kjenner til elevar som blir mobba/plaga.
- *Tilsyn.* Alle tilsette på skolen har tilsyn i friminutt. Når ein har tilsyn skal den tilsette vere årvaken (følge aktivt med: følge med på rollar i leik, følge med på om elevar går aleine eller faller ut av leik). Den tilsette skal vere medviten på område i skulegarden der elevar kan gøymsle seg, og skal aktivt oppsøke desse plassane. Den tilsette er synlege med gul vest. Bruk av mobil er kun tillate i tilfelle der ein treng å få tak i nokon for hjelp. Dei vaksne skal ikkje stå på samme plass, men bevege seg aktivt rundt der elevane er.
- *Føresette tar kontakt* fordi dei melder frå om at det har skjedd noko på skolen. Kontaktinformasjon til lærar står på skolen si heimeside. Lærar skal sjekke Visma før og etter undervisning.
- *Endring av åtferd - på individ- eller gruppenivå.* Nokre elevar blir stille og trekker seg tilbake i leik eller deltek ikkje i leik og aktivitetar, medan andre trer tydelegare fram og gjer beskjed når det blir vanskeleg. Endringar på steg kan vere meir bråk og uro, endringar sosialt og endringar i kven som leiker saman.

## Gripe inn

Grip inn med ein gong ved mobbing og uønskt åtferd.

Engelsvoll skule har nulltoleranse mot mobbing, vald, diskriminering og trakkasering, men også mot mindre alvorlege hendingar. Kunnskapsdepartementet har valt å ta prinsippet om nulltoleranse inn i Opplæringslova for å understreke kor viktig det er at skolen har tydelege haldningar.

Viss ein tilsett ved Engelsvoll skule høyrer hatfulle ytringar eller ser meir indirekte krenkingar som utestenging, isolering og baksnakking, skal ein gripe inn med ein gong og forsøke å stoppe situasjonen. Det kan til dømes dreie seg om å stoppe ein slåsskamp eller anna fysisk krenking, gripe inn i ein utfrysings situasjon eller stoppe/irrettesette elevar som kallar andre for noko stygt.

- Negativ åtferd skal stoppast på ein tydeleg og respektfull måte.
- Snakk med ein elev, heller enn heile gruppa. Bruk få ord. Gje tydeleg og klar beskjed.
- Avtal oppfølging. Gje kontaktlærar beskjed starts du har høve til det.

Plikta til å gripe inn er avgrensa av lovverket [§ 13-4 Fysiske inngrep for å avverje skade m.m. | udir.no](#). Det betyr at tilsette ikkje skal stå i fare for å skade seg sjølv eller krenke nokon av elevane for å stanse situasjonane, med mindre det er nødrett eller nødverje.

### **Ikkje alle kritiske utsegn og usemje er krenkingar**

Kva som er krenking kan tolkast vidt, men ikkje slik at alle utsegn eller usemje er krenkingar. Skolen sin oppgåve er og å lære elevane å tenkje kritisk og respektere andre sine meiningar og overtyding. Jfr. [Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen | udir.no](#)

### **Alle tilsette ved skolen har plikt til å gripe inn**

Alle som arbeider ved skulen har ei plikt til å gripe inn om ein ser krenkingar, som til dømes mobbing.

### **Rektor har ansvar for at alle veit korleis dei skal gripe inn**

Rektor skal sørge for at alle som arbeider ved Engelsvoll skule veit at dei har plikt til å gripe inn, og at dei veit korleis dei skal gjere dette.

Skuleeigar si plikt er å sørge for at skolen har riktig og naudsynt kompetanse.

### **Bruk av fysisk inngripen for å avverje skade**

I enkelte tilfelle kan plikta til å gripe inn krevje bruk av fysisk inngripen, og bruk av fysisk makt og tvang. Til dømes viss ein skal stoppe ein slåsskamp. I slike tilfelle er det viktig å vere klar over at skular ikkje har heimel til bruk av tvang i Opplæringslova. I høve til Opplæringslova §13-4 kan tilsette i skolen kun gripe inn fysisk mot elevar når andre tiltak ikkje er tilstrekkelege eller for å avverje at ein elev:

- a) Krenkjer en person fysisk eller psykisk eller utsett seg sjølv for fysisk fare
- b) Skader eigedom

- c) Viser ei åtferd som er sterkt fornedrande for eleven sjølv
- d) Vesentleg forstyrrar opplæringa til andre elevar

Det fysisk inngrepet kan ikkje gå lenger enn nødvendig, og det skal stå i eit rimeleg forhold til dei interessene som skal varetakast.

Ein tilsett som har nytta fysiske inngrep etter §13-4, skal melde frå om det til rektor. Rektor skal melde frå til eleven sine føresette. Skolen skal dokumentera alle fysiske inngrep med ei kort omtale av hendinga, inngrepet som vart gjort, og eleven sitt syn på saka.

## Varsle

Alle tilsette som arbeider ved skolen skal varsle rektor om dei ser eller mistenker at ein elev ikkje har eit trygt, godt og inkluderande læringsmiljø. Dette skal sikre at rektor får oversyn med korleis elevane har det ved skolen og vil vere eit godt utgangspunkt for å følge opp enkeltsaker.

## Låg terskel

Det skal vere låg terskel for kva som skapar mistanke til at ein elev ikkje har det bra på skolen. Plikta til å varsle rektor gjeld for all mistanke. Det kan til dømes vere:

- Basert på observasjonar av elevane
- Tilbakemeldingar i undersøkingar
- Beskjedar frå føresette eller medelevar
- Aktivitet i sosiale media
- At ein elev seier i frå at han eller ho ikkje trivast på skolen

## Skjerpa aktivitetsplikt, §12-5

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, krenkjer ein elev, skal vedkommande straks melde frå til rektor. Rektor skal melde frå til kommunen, med mindre meldinga er openbert grunnlaus.

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein i leiinga ved skolen krenkjer ein elev, skal vedkommande melde frå til kommunen direkte.

## Kor raskt må ein varsle?

Kor raskt ein må varsle til rektor, må bli vurdert frå sak til sak.

Alvorlege sakar skal bli varsla straks. Andre sakar kan det vere forsvarleg å vente litt lenger med, til dømes til slutten av skoledagen.

### **I alvorlege tilfelle skal rektor varsle skuleeigar**

I alvorlege sakar skal rektor varsle skuleeigar. Skuleeigar får slik ein sjanse til å bli kjend med saka og involvere seg i korleis han kan bli løyst. Døme på alvorlege tilfelle:

- Saker der krenkingane er særleg valdelege
- Viss fleire elevar er involvert i mobbing av ein enkeltelev
- Situasjonar der krenkingane har gått over lang tid utan at skuleleiinga har greid å laøyse saka
- Digital mobbing på tvers av skoler og grove truslar gjennom sosiale media

### **Saksgang ved skolen dersom ein får melding om eller oppdagar at ein elev ikkje har det trygt og godt**

- Stadfest at du har motteke meldinga og kva som skjer vidare
- Meld frå til rektor snarast
- Avtal og kall inn til møte (elev, føresette, kontaktlærer, sosiallærer eller avdelingsleiar).
- Start undersøking
- Sett inn strakstiltak og planlegg evt andre tiltak
- Dokumenter i Visma sikker sak
- I møtet skriv ein tiltaksplan og avtaler evalueringstidspunkt

### **Melde saka til Statsforvaltar**

Dersom føresette meiner at skolen ikkje har gjort nok for å stoppe krenking, kan ein melde saka til Statsforvaltar.

- Først skal føresette ha teke opp saka med rektor
- Rektor skal ta tak i meldt sak innan det har gått ei veke
- Saka må gjelde skolemiljøet på den skolen eleven går på nå.

Ein kan når som helst ta kontakt med [Statsforvalteren i Rogaland](#) om ein lurar på noko.

### **Undersøke**

#### **Viss nokon seier i frå at dei ikkje har det bra, skal ein alltid undersøke**

Viss nokon som arbeider i skolen ser eller mistenker at ein elev ikkje har det trygt og godt, skal dei undersøke saka med ein gong. Plikta til å undersøke har like låg terskel som plikta til å varsle. Viss elevar seier at dei ikkje har det bra, skal skolen alltid undersøke saka nærare. Det er heilt naudsynt for å kunne sette inn gode, eigna tiltak. Kor grundig undersøkinga skal

vere, avhenger av skjønn, føremålet med undersøkingane og kva situasjon ein står ovanfor i kvar enkelt tilfelle.

### **Kva er dei oppretthaldande faktorane?**

I ein klasse der ein eller fleire elevar ikkje har det trygt og godt, er det viktig at ein både undersøker fakta i saka (kva har skjedd) og kva som gjer at dette skjer. Korleis er relasjonane på steget? Korleis er relasjonen lærar-elev? I enkelte tilfelle kan ein vurdere behov for ein grundigare undersøking; da kan skolen – gjennom ressursteam, ta i bruk *pedagogisk analyse* som metode.

### **Tilsette som mobbar**

Viss ein tilsett er den som mobbar, diskriminerer eller trakasserer ein elev, er det enda strengare krav til å undersøke saka umiddelbart.

### **Finn ut kva som ligg bak eleven si oppleving – ikkje finn bevis**

Plikta til å undersøke betyr at skolen skal undersøke eleven si oppleving av skolemiljøet. Skolen skal ikkje skaffe og vurdere bevis for eller mot at eleven blir krenka/mobba.

Undersøkingane må ha som føremål å få fram fakta om situasjonane og kva som påverkar korleis eleven opplever skolemiljøet.

Undersøkingane skal bli dokumentert i Visma sikker sak.

Alle involverte elevar skal bli høyrte. I slike tilfelle kan ein nytta samanstillingsdokument i Visma sikker sak.

Undersøkingane skal vere grunnlaget for å sette i verk effektive tiltak som blir kontinuerleg evaluert.

Det kan vere aktuelt å undersøke hendingar tilbake i tid eller forhold utanfor skolen, dersom dette påverkar eleven sin skolekvardag.

### **Kjenneteikn på god relasjonspraksis**

Alle elevar har rett til eit trygt, godt og inkluderande læringsmiljø. Dersom du er utsett for mobbing skal du alltid melde frå om dette til ein vaksen. Skolen ber deg og om å melde frå viss du ser andre som ikkje har det trygt og godt.

For at skolen skal kunne sørge for at alle elevane har det trygt og godt, krev det godt samarbeid og god relasjonspraksis mellom alle brukarane i organisasjonen.

### **Relasjon tilsett – elev**

Tilsette ved skolen er autoritative voksne som elevane kan ha tillit til

Kjenneteikn på god praksis:

### **Relasjon elev-elev**

Vi forventar at alle elevane våre behandlar alle medelevar på ein skikkeleg måte. Elevane skal syne ansvar, omsorg og respekt for kvarandre.

Kjenneteikn på god praksis:

- Snakkar fint om og til andre
- Gjer opp for seg
- Inkluderer andre i lek og sosialt samvær på skolen
- Gir beskjed til ein vaksen om medelevar blir dårleg behandla

### **Relasjon tilsett - føresett**

Relasjonen mellom tilsette og føresette bærer preg av gjensidig respekt, tillit og samarbeidsvilje.

Kjenneteikn på god praksis:

- Snakkar fint om og til kvarandre
- Den tilsette har ansvar for å gi viktig informasjon til heimen/-ane
- Tilsette og føresette har begge ansvar for at det blir etablert eit godt forhold som har god slitestyrke. Vi skal tåle å snakke om evt utfordringar
- Det skal vere låg terskel for informasjon begge vegar om hendingar som rører ved grupper eller enkeltelevar innanfor rammene til teieplikta
- I dei vanskelege situasjonane skla begge partar søke å vere konstruktive i sitt felles mål om barnets faglege og sosiale utvikling
- Det skal vere låg terskel for møte
- Ein nyttar Visma min skole til praktiske beskjedar

### **Sette inn tiltak**

Dersom du melder frå om at ditt barn ikkje har det trygt og godt på skolen, eller skolen på anna vis oppdagar at barnet ditt ikkje har det rygt og godt, kan du forvente at skolen lager ein tiltaksplan.

Rektor er ansvarleg for denne, men ein kan delegere at t.d. kontaktlærar, sosiallærar og avdelingsleiar skal skrive og følgje han opp. Det er viktig at alle som deltek i møtet kjem med forslag til tiltak. Tiltaka kan vere på individ-, steg-, eller systemnivå.

Det er viktig at ein både har tiltak retta mot den direkte krenkinga, men og mot dei forhold som opprettheld krenkinga.

Tiltaksplanen blir skrive og sendt heim via Visma sikker sak.

#### **Tiltaksplanen kan blant anna innehalde:**

- a) Kven planen gjeld for
- b) Kven som har motteke varslinga og når
- c) Bakgrunn for varsling/skiltring av utfordring
- d) Informasjon om undersøkingane skolen har gjort
- e) Skiltring og grunngjeving av tiltak, når tiltak er satt i gang, kven som har ansvar og dato for evaluering. Tiltaka kan vere retta mot kartlegging, enkeltelev, grupper og steg. Eleven bør medverke. Det er viktig at ein i utforminga av tiltaksplanen ser på den/dei som blir utsett, den/dei som utøver og heile læringsmiljøet.
- f) Dato for når planen er skriven og kven som medverka
- g) Elektronisk signert av rektor

### **Kartleggingsverktøy ved Engelsvoll skule**

#### **Klassetrivsel.no**

Klassetrivsel blir brukt jamnleg på skolen. Fortrinnsvis i forkant av utviklingssamtalar, men ein kan også nytta undersøkinga viss det er behov for å undersøke læringsmiljøet. Klassetrivsel er eit ikkje- anonymt trivselsverktøy for tilsette. På ein oversikteleg og sikker måte får ein innsikt i elevane sine aktuelle relasjonar og trivsel for å kunne forbetre skolekvarden til den einskilde elev.

Det er viktig å sikre at gjennomføringa blir optimal. På 1.-3. steg gjennomfører ein undersøkinga i mindre grupper eller 1-1.

#### **Elevundersøkinga**

Utdanningsdirektoratet si anonyme elevundersøking blir gjennomført kvar haust på 5.,6. og 7. steg. Elevane får seie si mening om læring og trivsel på skolen. Svara blir brukt av skolen, kommunen og staten for å gjere skolen enda betre. Viss elevar svarer at dei opplever krenking/mobbing, gjennomfører skolen ikkje-anonyme undersøkingar for å få fatt på problematikken og for å kunne sette inn riktige tiltak.

#### **Observasjon og tilsyn**

Skolen har det uteområdet i sonar og det er fire vaksne ute til ei kvar tid. Når ein har tilsyn må ein aktivt observere og vere tydeleg tilstades for elevane. Ein må undersøke og gripe inn

om ein mistenker krenking og ha låg terskel for å informere kontaktlærer, sosiallærer og leiing om hendingar og observasjonar i friminutta.

**Elevsamtale og utviklingssamtale**

Kontaktlærer skal alltid spør om eleven har eit trygt og godt skolemiljø tilpassa alder til eleven. Her skal kontaktlærer også spør kven som leiker med kven og om nokon ikkje får vere med i leiken.

Dersom elevar har ny kontaktlærer eller byter kontaktlærer skal kvar elev ha ein bli-kjent samtale med læraren sin. Føremålet er å bli litt betre kjend, og at eleven skal kjenne seg sett, møtt og høyrd.

Engelsvoll skule 2026-2027

Lise Følgesvold Pedersen  
rektor